



Sjekkliste for egenrevisjon



51 EGGPRODUKSJON

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2021.10

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Svar

Ja

Nei

Ikke
aktuelt

51.1 DYREHALDET



51.1.1

Passar du på å få deklarasjonar for unghønene du tek imot, og lagrar du desse i minst 2 år?

Som eggprodusent skal du lagre deklarasjon for unghønene du tek imot. Du skal oppbevare opplysningane i minst 2 år og leggje dei fram når Mattilsynet ber om det.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Standard deklarasjonsskjema fra oppaler til eggprodusent	Informasjon

51.1.2 Gjer du noko for å sysselsetje frittgåande høner, slik at du førebyggjer åtferdsproblem?

Høner utforskar ved å hakke. For å hindre at hønene plukkar fjør av kvarandre eller utviklar andre åtferdsproblem, som hysteri og kannibalisme, må du syte for at hønene har nok å ta seg til. Du kan sysselsetje hønene med laust materiale som dei kan hakke, plukke og ete på. Dette kan du ordne ved å dele ut halm, høy, nytt strø, kråsstein, skjelsand og/eller heilt korn regelmessig. Også i innreidde bur er det viktig at strøet har eigenskapar som gjer at hønene får dekt hakkebehovet sitt. Det å bevare ei god fjørdrakt i flokken er viktig for dyrevelferda og for å halde eit lågt fôrforbruk.

§ Krav

Lov om dyrevelferd	Lovkrav
--------------------	---------

51.1.3 Overvakar du blodmidsituasjonen ved å ta middprøver og sende dei inn til Animalia for kontroll minst éin gong per innsett?

Blodmidd går ut over velferda til hønene, og kan vere plagsamt for røktaren. For å minske omfanget av, og helst fjerne, midten må du setje i verk koordinerte tiltak i heile verdikjeda. Viss du er oppalar eller eggprodusent, skal du overvake blodmidsituasjonen. Animalia har eit gratis overvakingsprogram der ein kan bruke fellar for å påvise midd. Ring Animalia på telefon 23 05 98 00, eller send e-post til fjorfe@animalia.no.

§ Krav

Middprogrammet	Bransjekrav
----------------	-------------

51.1.4 Har du sett i verk tiltak for å redusere eventuelle problem med blodmidd?

Viss du er eggprodusent og får påvist blodmidd i besetninga di, må du informere eggpakkeriet så raskt som mogleg. Deretter må du i samråd med veterinæren for besetninga eller fagkonsulenten til varemottakaren setje i verk tiltak for å redusere talet på midd til eit minimum. Dette er for å hindre spreiring av blodmidden.

§ Krav

Middprogrammet	Bransjekrav
----------------	-------------

51.1.5 Etterfyller du strøbada i innreidde bur?

I innreidde bur skal hønene ha tilgang på strøbada som stimulerer til å hakke, skrape og sandbade. Strøbada skal vere tilgjengeleg i størst mogleg del av perioden når dyra har lys. Det er viktig for velferda til dyra, og det bidreg til å halde fjørdrakta i god stand gjennom innsettet.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------



51.1.6 Dokumenterer du tidspunktet for etterfylling av strø og tidspunktet for opning og lukking av strøbada i innreidde bur?

51.1.7

Har du hatt veterinær på helseovervakingsbesøk minst ein gong i løpet av siste innsett?

Eggprodusenter med 1000 høns eller meir skal delta i Dyrevelferdsprogram verpehøns, og skal ha veterinær på helseovervakingsbesøk minst ein gong per innsett.

§ Krav

Dyrevelferdsprogram Verpehøns	Bransjekrav
-------------------------------	-------------

51.2 EGGPRODUKSJON

51.2.1 Blir egga samla dagleg, sorterte og pakka i samsvar med krava frå eggpakkeriet og straks overførte til eit kjølerom?

Egg skal samlast inn minst éin gong om dagen og raskt leggjast til oppbevaring i kjølerom. I kjølerommet skal det vere 8–12 °C og 75–80 % luftfukt. Dette er viktig for at egga skal halde god kvalitet. Egg som er lagde feil, skal plukkast regelmessig. Berre egg som er samla inn dagleg, kan leverast til eggpakkeri.

Du må følgje retningslinjer frå eggpakkeriet for korleis egga skal handterast og merkast.

Egga skal oppbevarast utan direkte sollys. Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

Rugeeggprodusentar skal følgje krava frå rugeriet til handtering og lagring av egg.

51.2.2 Blir egga lagra i egglager ved ein temperatur på 8–12 °C?

Egg skal samlast inn minst éin gong om dagen og raskt leggjast til oppbevaring i kjølerom. I kjølerommet skal det vere 8–12 °C og 75–80 % luftfukt. Dette er viktig for at egga skal halde god kvalitet. Egg som er lagde feil, skal plukkast regelmessig. Berre egg som er samla inn dagleg, kan leverast til eggpakkeri.

Du må følgje retningslinjer frå eggpakkeriet for korleis egga skal handterast og merkast.

Egga skal oppbevarast utan direkte sollys. Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

Rugeeggprodusentar skal følgje krava frå rugeriet til handtering og lagring av egg.

51.2.3 Er egglageret laga av materialar som ikkje set lukt eller smak på egga?

Du må følgje retningslinjer frå eggpakkeriet for korleis egga skal handterast og merkast.

Egga skal oppbevarast utan direkte sollys. Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

Rugeeggprodusentar skal følgje krava frå rugeriet til handtering og lagring av egg.

51.2.4 Er det berre egg og eggemballasje som blir oppbevart på egglageret?

51.2.5 Oppbevarer du tom eggemballasje tørt, luktfritt og best mogleg sikra mot skadedyr og insekt?

Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

51.2.6 Følgjer du bransjen sine retningslinjer viss du vaskar egg?

Viss du vaskar egg, må du følgje retningslinjene. Dei er omtalt på plakaten *Egg – et unikt*

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

næringsmiddel. Hvordan opprettholde kvaliteten (animalia.no).

Når du vaskar egg, er det mellom anna viktig å overhalde krava til vasketid, vasketemperatur og dosering av vaskemiddel (pH). Følg brukarretteleinga for vaskemiddelet. Hugs at egg berre skal vaskast éin gong.

§ Krav

Bransjestandard vasking av egg	Bransjekrav
--------------------------------	-------------

51.2.7 Har egglageret rampe med eigen inngang for eggtransportøren?

Det er viktig å sikre at eventuell smitte frå andre gardar ikkje kjem inn i fjørfehuset. Eit viktig tiltak er å ha ein eigen inngang for eggtransportøren. Rampen skal haldast rein, og det må vere mogleg å desinfisere han.

51.2.8 Sikrar du at egg frå frittgåande høner og egg frå høner i innreidde bur ikkje blir blanda?

Forbrukarane skal kunne vere sikre på at egga er produserte slik ein i marknadsføringa hevdar at dei er produserte. Dersom du har eggproduksjon både i innreidde bur og i eit system for frittgåande høns, er det viktig at du har rutinar som sikrar at egga ikkje blir blanda saman.



51.2.9

Er rutinane i punkt 51.2.8 dokumenterte og godkjende av ein som er kvalitetsansvarleg ved eggpakkeriet?

Forbrukarane skal kunne vere sikre på at egga er produserte slik ein i marknadsføringa hevdar at dei er produserte. Dersom du har eggproduksjon både i innreidde bur og i eit system for frittgåande høns, er det viktig at du har rutinar som sikrar at egga ikkje blir blanda saman.



51.2.10 Viss du sel rugeegg – er verksemda sertifisert?

Viss du sel rugeegg, skal verksemda vere sertifisert av Mattilsynet.

§ Krav

Forskrift om sertifisering av fjørfevirksomhet	Lovkrav
------------------------------------------------	---------

51.3 VERPEHØNER SOM BLIR AVLIVA PÅ GARDEN

51.3.1 Varslar du Mattilsynet på førehand om verpehønene skal avlivast med gassing i huset?

Du skal varsle Mattilsynet minst éi veke på førehand dersom det skal avlivast verpehøner på garden ved gassing i huset. Varselet kan du sende på e-post til postmottak@mattilsynet.no. Du må følgje eventuelle pålegg frå Mattilsynet. Ved gassavliving i container treng du ikkje varsle Mattilsynet.

§ Krav

Forskrift om avliving av dyr	Lovkrav
Avliving av fjørfe ved hjelp av CO2 i fjørfehus	Informasjon

51.3.2 Har dyra tilgang til fôr og vatn heilt fram til dei blir plukka?

Dyra skal ha tilgang til fôr og vatn av omsyn til dyrevelferda.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

51.3.3 Sikrar du at dyra blir plukka og bore skånsamt, og har du eller ein annan med ansvar for dyra oppsyn under plukkinga?

Dyra skal handterast skånsamt av omsyn til dyrevelferda. Du som eigar, eventuelt den som røktar dyra for deg, har ansvar for å gje opplæring i korleis ein handterer dyra riktig.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Forskrift om hold av høns og kalkun (§ 5) slår fast at alle som tek del i den daglege drifta av dyrehaldet skal kunne handtere og stelle dyra på ein måte som sikrar god dyrevelferd. Dei skal òg kunne kjenne att teikn på dårleg dyrevelferd, og setje i verk tiltak der det er nødvendig. Fjørfe skal ikkje berast i eitt bein.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

51.3.4 Blir dyra avliva av ein kyndig person?

Avlivinga skal gjerast effektiv og humant og på ein slik måte at dyra ikkje blir påført unødig lidning, frykt eller andre former for stress. Dyra skal bedøvast før dei blir avliva, og avlivinga skal utførast av ein person som er kyndig i avliving.

Opplæring i avliving skal gjevast av ein som kan avlive dyr på ein forskriftsmessig måte. Dette gjeld likevel ikkje når det er nødvendig å avlive sjuke eller skadde dyr straks og det ikkje er forsvarleg å utsetje avlivinga for å vente på nokon som er kyndige i avliving.

Når ein heil flokk skal avlivast, er gassing med CO₂ – anten i container eller i huset – mest aktuelt. Viss du bruker gass, må du passe på at gasskonsentrasjonen er rett. Gassing i hus skal skje i samsvar med prosedyren for *avliving av fjørfe ved hjelp av CO₂ i fjørfehus* frå Animalia.

Halsdislokasjon og slag mot hovudet skal ikkje nyttast rutinemessig. Det skal ein berre gjere om ein ikkje har andre bedøvningsmetodar tilgjengeleg, og ein skal aldri avlive meir enn 70 dyr per dag på denne måten. Den som står for avlivinga, skal forsikre seg om at kvart einskilt dyr er dautt.

Den som bedøver og avlivar fjørfe som ein del av næringsverksemda si, skal vere registrert hos Mattilsynet.

§ Krav

Lov om dyrevelferd	Lovkrav
Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Forskrift om avliving av dyr	Lovkrav
Avliving av fjørfe ved hjelp av CO ₂ i fjørfehus	Informasjon

51.3.5 Blir kadavera leverte til eit godkjent mottak?

Kadavera skal leverast til eit godkjent mottak. Daude dyr skal du oppbevare mellombels nedkjølte eller frosne på ein eigna stad isolert frå dyrerom og egglager. Det er etablert ordningar for å samle inn fjørfekadaver. Når du leverer fjørfekadaver, må dyra vere fryste ned. Kontakt eggpakkeri/slakteri for å få ei oversikt over kven du kan kontakte i ditt område. Viss du bruker forbrenningsomnar til å handtere dyrekadaver, må du ha godkjenning frå Mattilsynet. Det er i utgangspunktet ikkje tillate å grave ned kadaver. Mattilsynet kan likevel i særskilte tilfelle tillate at ein grev ned kadaver. Mattilsynet skal i slike tilfelle fortelje korleis ein skal gjere dette.

§ Krav

Animaliebiproduktforskriften	Lovkrav
------------------------------	---------

	Svar	
Ja	Nei	Ikke aktuelt